



Nils Inge Titland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1860 - 14/5614

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

12.03.2014

Løyve til etablering av tilbygg på gbnr 123/140 Risa

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av tilbygg til eksisterande bustad med ein BYA på 25,50 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 21.02.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av tilbygg på austsida av bustaden. Denne skal skjerme inngangspartiet mot ver og vind, gjev noe større bodareal og gjev plass til eit overbygga uteareal.

Tilbygget har eit BYA på 25,50 m².

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Rissundet vedtatt 24.09.2008.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tomta ligg innafør området sett av til bustadføremål, tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyseringar

Korkje uteopphaldsareal eller parkeringsløyseringar vert råka av tiltaket.

Plassering og høgdeplassering

Tiltaket er omsøkt med ei minsteavstand i frå nabogrense på 3,5 m. Tiltakshaver har søkt om dispensasjon i frå avstandskrav mot nabogrense.

Administrasjonens vurdering er den at dette kan vurderast etter pbl § 29-4 b, der kommunen kan godkjenne tiltak nærmere 4 meter i frå nabogrense for mindre tiltak. Eit tiltak på 25,5 m² vurderast av administrasjonen i dette tilfellet som eit mindre tiltak, og tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 b. **Det har difor ikkje vore naudsynt å handsame søknad om dispensasjon.**

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Oppsummering og konklusjon

Søknaden gjeld etablering av tilbygg til eksisterande bustad. Tiltaket har ein BYA på 25,5 m². Det er søkt om dispensasjon i frå avstandskravet mot nabogrense på 4 m, da tiltaket er omsøkt med ei minstegrense på 3,5. Administrasjonen har ikkje handsama avstand mot nabogrense som dispensasjon, med godkjent som i samsvar med pbl § 29-4 b.

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om tilbygg i samsvar med innsendte teikningar, kart og skildring.

Gebyr

Søknadsppliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.1a Tilbygg med BYA <50 m ²	1	6.500
Totalt gebyr å betala		6.500

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å

klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Nils Inge Titland